



## KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 02.12.2014  
**Stad:** Kommunehuset  
**Kl.:** 09.00 – 11.30  
**Tilstades:** Arild Tveranger – leiar, Astrid Nordanger – nestleiar, Jan Tore Hvidsten, Oddmund Skjelvik og Eva Karin Klausen  
**Innkalla:** Kommunalsjef Johan Sandal til sak 35/14  
**Revisjon:**  
**Sekretær:** Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss  
**Forfall:**

### 32/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

### 33/14 Godkjenning av møteutskrift

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift 30.09.14 vart godkjent.

### 34/14 Skriv og meldingar

- Statsbudsjettet 2015 –kommuneopplegget – notat frå Fylkesmann

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til etterretning.

### 35/14 Orientering om økonomiforvaltning og rutinar for forvaltning av bebuar og pasientrekneskapan - oppfølging av sak 19/14 - nummerert brev nr 1 – ikkje offentleg

Kontrollutvalet fikk i møte utdelt eit notat 01.12.14 frå revisjonen som var unntatt offentlegheit jf offl. §13. Dette notatet viser at det som er teke opp i nummerert brev nr. 1 no er retta opp.

Kommunalsjef Johan Sandal hadde ein gjennomgang av rutinane. Det var gjort nokon mindre justeringar av rutinane som følgje av denne saka. Det vart stilt spørsmål til kommunalsjefen som vart besvart i møte.

Kontrollutvalet peika på at det i rutinane må vere eit punkt som sikrar at dei pårørande vert orientert og openheit om desse rutinane slik at ein ikkje får mistydingar.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning og at det som er teke opp i nummerert brev nr 1 no er retta opp.

**36/14 Orientering frå rådmann**

Saka går ut da rådmann ikkje hadde høve til å møte.

**37/14 Revisjon av kommunerekneskapen 2014**

Sekretariatet hadde motteke eit skriv frå revisjonen som vart delt ut i møte. Der er det gjort greie for rekneskapsrevisjon så langt, planane for årsoppgjeret og fokusområde.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok notatet til orientering.

**38/14 Vurdering av oppdragsansvarlig revisors uavhengighet i forhold til Radøy kommune, regnskapsåret 2014**

Sakstilfang: Brev frå revisjonen 27.10.14

I følge § 15 i forskrift om revisjon skal revisjonen kvart år legge fram ein eigenvurdering av uavhengighet til kontrollutvalet.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har ingen merknad til revisors uavhengighet.

**39/14 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen kommentarar.

**40/14 Eventuelt**

Kontrollutvalet diskuterte om endring i kommunestruktur vil få konsekvensar for kontrollutvalet sitt arbeid.


Neste møte i kontrollutvalet 10.02.15.

Saker til neste møte:

- Prosjektrekneskap Olsvollstranda
- Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt – vedlikehald
- Investeringsprosjekt – organisering og ansvar
- Budsjettet for 2015 – orientering frå rådmann
- Orientering frå rådmann

Manger, 2. desember 2014

Arild Tveranger/leiar



Bent Gunnar Næss/sekretær